

Program for
Masfjorden
Venstre

for perioden 2011-2015



www.masfjorden.venstre.no

venstre

Masfjorden Venstre

Ei positiv folketalsutvikling for Masfjorden kommune er eit overordna mål for Masfjorden Venstre

Masfjorden har ein variert og vakker natur som gjev alle høve til gode opplevingar. Kommunen har i dag gode oppvekstvilkår for barn og unge og ei femstjerners eldreomsorg.

Venstre vil arbeida for at kommunen skal behalda, vidareutvikla og styrka dei offentlege tenestetilboda me har i dag.



Venstre vil satsa på næringsliv, samferdsel, miljø og kultur.

Masfjorden Venstre ynskjer ein kommune med aktive og skapande innbyggjarar som tar ansvar for seg sjølv og sine og for felleskapet.

Samferdsel

Brusamband og betre veg er viktig for å sikra bærekraftig utvikling dei neste 100 åra!

Ei kortare reisetid både nordover og sørover, kan vera avgjerande for at folk skal velja å busetja seg i kommunen, sjølv om dei ikkje har sitt arbeid her.

Venstre vil arbeida for å framskunda realisering av brusamband over Masfjorden.



Venstre meiner at ei opprusting av Rv 570 er heilt nødvendig for næringsliv, reisande og innbyggjarane i Masfjorden.



Næringsliv

Næringsutvikling som gjev verdiskaping for kommunen er eit viktig ledd i å sikra framtida for Masfjorden.

Mennesket er den viktigaste ressursen i samfunnet vårt. Det er vår oppgåve å ivareta menneska og deira behov på beste måte.

Venstre har tru på det skapande mennesket. Venstre trur at ein kan halda fram med ei positiv utvikling i kommunen dersom det er engasjement og vilje til å yta.

Venstre meiner kommunen skal ha ei viktig rolle som tilretteleggar og lagspelar, der ein har ein god dialog og inkluderande prosessar.

Venstre meiner at kommunen skal vera positiv og imøtekommande når enkelt-personar tek initiativ og vil satsa, anten på eigen bustad eller verksemd, slik at dei får lyst til å etablera seg her.



Masfjorden treng fleire og varierte arbeidsplassar. Politikarane må gjennom planarbeid syta for at ein har tilgjengeleg næringsareal i alle deler av kommunen. Samfunnsinteressene må gå framfor private interesser.

Venstre meiner tilrettelegging for senterutvikling og fortetting i ulike bygder er viktig for å styrkja Masfjorden kommune i framtida.



Miljø

Masfjorden er ein stor geografisk kommune.

Det er viktig å ta vare på og utvikla miljøet vårt på ein forsvarleg måte for framtida.

Venstre vil arbeida for å bruka miljøvennlege løysingar der ein sparar energi og reduserar belastninga på klimaet. Venstre er opptatt av at alle innbyggjarar i alle aldrar er klar over sitt ansvar for å ta vare på miljøet vårt.

Masfjorden har ei flott kystlinje. Venstre vil arbeida for å ta vare på det fjordsystemet me har i



dag, slik at me også i framtida kan presentera ein tusenårsstad fri for forureining.

Masfjorden kommune deler miljøutfordringar med andre kommunar i regionen. Venstre vil arbeida for å styrka sikkerheit og beredskap, for å redusera farar og konsekvensar ved eventuelle ulykker.



Kultur

Venstre verdset det kulturelle livet og alt frivilleg lagsarbeid i kommunen.

Kultur gjev trivsel og levande lokalsamfunn.

Venstre vil oppretthalda den vel-
fungerande og gode kulturskolen
med mange elevar og gode lære-
krefter.

Venstre meiner at fysisk aktivitet
og førebyggjande helsearbeid må
styrkast for innbyggjarar i alle
aldersgrupper. Dette kan skje
gjennom eit idrettskuletilbod for
heile grunnskulen, tilgjengelege



friluftsområde for alle og høve til
parallele og felles aktivitetar for
born og vaksne.

Venstre ynskjer eit større fokus
på vedlikehald og opprusting av
eksisterande kulturminne i heile
kommunen.



Sosialt

Trygge og inkluderande møte-
plassar er viktig for alle.

Dette skaper samhald, trivsel og
god livskvalitet.

Venstre vil støtta ei skyss-/
transportordning for heimebu-
ande eldre som ynskjer å delta på
aktivitetar.

Venstre vil arbeida for at friville-
ge vert inkludert for å ta del i det
førebyggjande helsearbeidet i
kommunen.



Venstre ynskjer ei etablering av
alternative dagtilbod for ulike
brukargrupper i Masfjorden kom-
mune.



Våre kandidatar



- 1. Egil Kvingedal**
f. 1967,
5981 Masfjordnes

- 2. Tove Kristin Sleire Tistel**
f. 1971,
5986 Hosteland



- 3. Øystein Bolset Strand**
f. 1989,
5981 Masfjordnes



- 4. Britt Elisabeth Nordland**
f. 1966,
5981 Masfjordnes

- 5. Anne Marit Fredriksen**
f. 1965,
5986 Hosteland

- 6. Ingunn Haugsdal**
f. 1958,
5981 Masfjordnes

- 7. Per Einar Langhelle**
f. 1979,
5981 Masfjordnes

- 8. Magnhild Rørtveit**
f. 1963,
5984 Matredal

- 9. Frode Haugsvær**
f. 1966,
5981 Masfjordnes

- 10. Anette Sleire Holmaas**
f. 1988,
5981 Masfjordnes

- 11. Leila Torsvik Andvik**
f. 1971,
5981 Masfjordnes



venstre

www.masfjorden.venstre.no